

Eigarstrategi  
for  
TH Eigedom IKS

## **Føremålet med eigarstrategien**

Eigarstrategien har til føremål å definere kva som skal vere kjerneområdet for selskapet si verksemd, fastsette rammer for organiseringa og gje rammer for eigarstyring og selskapsleiing. Eigarstrategien skal reviderast ved behov.

## **Bakgrunn**

TH Egedom IKS (tidlegare Trivselshagen IKS) er eit interkommunalt eigedomsselskap skipa 07.03.2007. Selskapet har Vestland fylkeskommune og Gloppen kommune som eigarar og deltakarar med lik ansvars- og eigardel.

### **Selskapet sitt føremål**

Selskapet sitt føremål er å eige, drifte og vedlikehalde anlegga Trivselshagen skule og kultur og Trivselshagen bad og idrett, og leige desse ut til eigarane. Selskapet kan også utføre andre driftstenester for eigarane i tilknyting til Trivselshagen, dersom det er ønskjeleg frå eigarane si side. Omfanget av drifta vert regulert i eigne avtalar. Selskapet forvaltar om lag 13500 m<sup>2</sup> bygningsmasse.

### **Eigarane sitt føremål med eigarskapen**

Fylkeskommunen sitt overordna mål med selskapet er å få dekka arealbehovet til Firda vidaregåande skule. Kommunen sitt overordna mål med selskapet er å få dekka arealbehovet til skule-, idretts- og kulturføremål.

## **Krav til selskapet si verksemd**

Selskapet si verksemd skal til ei kvar tid drivast i samsvar med gjeldande regelverk, selskapsavtalen og vedtekne mål og strategiar.

Eigarane forventar at drifta av selskapet, og tenestene selskapet leverer, er effektive, at drifta er i samsvar med bedriftsøkonomiske prinsipp, og at alt utarbeidd talmateriale kan dokumenterast.

Rammene for og føremålet med selskapet skal til ei kvar tid gå fram av selskapsavtalen. Eigarane har sjølv eit ansvar for å sjå til at selskapet har oppdatert selskapsavtale, og skal på eige initiativ ta opp avtalen til revidering om nødvendig.

Eigarane forventar at selskapet bidreg til eigarane si målsetjing om å vere pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.

Eigarane viser elles til forventningar om samfunnsansvar, miljø og etikk skildra i eigarane sine eigarskapsmeldingar (tilgjengelege på nett). Selskapet skal m.a. vere tilslutta KS sitt styrevervregister, eller på annan måte sikre seg at styremedlemene registrerer vervet sitt der.

Eigarane forventar at selskapet har eit system for å involvere leidgetakarane i utviklinga og drifta av anlegget.

### **Krav til styret:**

- Styret skal fastsette ein årleg plan for arbeidet sitt
- Styret skal fastsette instruks for styret og dagleg leiar og sikre seg at denne vert følgd
- Styret skal sørge for at selskapet har skriftlege rutinar for viktige arbeidsprosessar
- Styret skal gjennomføre eigenevaluering
- Styremøteprotokollane skal førast på ein måte som synleggjer korleis representantskapet sine vedtak vert følgde opp

## **Gjennomføring av styreval**

Selskapet skal ha valkomité. Valkomiteen har ansvar for å gje representantskapet ei skriftleg og grunngjeven innstilling til val av styremedlemmer og kva roller desse bør ha. Valkomiteen skal normalt

også munnleg gjere greie for si innstilling i møte i representantskapet, der val av styremedlemmer skal skje. Ved val i tråd med innstillinga, vil denne tene som grunngjeving for styrevalet. Forslag som skil seg frå innstillinga skal grunngjenvært tilsvarande og skriftleggjera i møteprotokollen.

Representantskapet bør fastsetje ein eigen instruks for arbeidet til valkomiteen. Denne skal seie noko om kva kvalitetar valkomiteen skal sjå etter i nye styremedlemer for å sikre at styret samla sett har rett kompetanse.

## Eigarskapsutøving

Eigarane skal opptre som stabile, ansvarlege og føreseielege eigalar. Eigarskapen skal utøvast i representantskapet og elles på ein måte som er i tråd med lov om interkommunale selskap.

Det skal gjennomførast eigarmøte fast ein gong i året, i samband med oppstart av budsjettarbeidet. Dei faste eigarrepresentantane deltek også her. Selskapet kallar inn til eigarmøte. Eigarane sine mål for drifta, jf. under, kan m.a. vere tema i møte.

Dataar for representantskapsmøte og eigarmøte skal varslast i så god tid som råd og seinast tre månader før møtet. Endring av selskapsavtalen og andre saker som krev politisk behandling skal varslast seinast tre månader før representantskapsmøtet. Innkalling til møte skal, så framt dette er mogleg, sendast minst fire veker før møte.

## Mål

Trivselshagen skal til dagleg vere eit høveleg anlegg for skuleføremål og elles eit attraktivt idretts- og kulturanlegg både på regionalt og nasjonalt nivå. Anlegget er viktig for å styrke det sosiale fellesskapet og skal bidra til eit levande og trygt sentrumsområde.

Konkrete mål for drifta av selskapet:

- Selskapet skal gå med overskot, slik at selskapet fortløpende kan handtere den daglege drifta, mindre investeringar og vedlikehald. Overskotet bør ikkje overstige 10 prosent av omsetnaden.
- Selskapet skal ha så effektiv og rimeleg drift som mogleg, under dette eit nøkternt lønsnivå der det vert sett hen til samanliknbare stillingar i kommunen og fylkeskommunen
- Anlegget skal til ei kvar tid vere i forsvarleg stand, slik at det ikkje er fare for skade på person, eigedom eller miljø. Anlegget skal ha ein tilfredsstillande standard ut frå brukargruppene sine behov.
- Selskapet skal syte for ei mest mogleg miljøvenleg drift av anlegget, t.d. med tanke på energiforbruk, avfallshandtering og kjøp av varer og tenester.

## Rapportering

Selskapet rapporterer til eigarane i m.a. årsmelding og årsrekneskap. Selskapet rapporterer også til eigarane i eigarmøte. Eigarane kan elles invitere selskapet til å rapportere i eigarane sine folkevalde organ.